

Tilgang på og bruken av vann og vassdrag i Aust-Agder

Av fylkesordfører Kristen Flaa

Foredrag holdt i Norsk Forening for Vassdragspleie og Vannhygiene, i Arendal 13. juni 1974.

Store vassdrag som Otra, Tovdalselv og Nidelv renn gjennom fylket. Det gjer at vi har svært gode muligheter for utbygging av vasskraft.

I fylket er det idag bygd ut 3 740 mill. kilowatt-timer. Vi reknar med at det vidare lar seg gjere å bygge ut 4 230 mill. kilowatttimer. Til sammenlikning kan nemnast at fylkets behov i 1974 var 1 580 mill. kilowatt-timer.

Tala viser hvilken økonomisk betydning bruk av vatn har for vårt fylke. Dei viser at det med dagens situasjon på energimarkedet er store økonomiske interesser knytta til våre vassdrag.

Vi er imidlertid klar over at også andre brukarinteresser til vassdraga har krav på stor oppmerksomhet, og at nettopp dei store økonomiske interesser i vassdragsutbygginga vil medføre samordningsproblemer.

Dette forhold har det vore arbeidet med i underutval under fylkesplanutvalet og det er grunn til å tru at det vil bli gjeve stor oppmerksomheit under det vidare arbeid med fylkesplanen.

Det er i dette høve verd å nemna at eit av dei middelstore vassdrag i fylket, Vegårsvatn, iflg. verneplanen er verna for kraftutbygging i 10 år.

Nemnast må det og at departementet i tilrådinga om vidare utbygging av Øvre Otra ser ut til å ta omsyn til andre brukarinteresser i vassdraget i langt større mon enn det vi tidligare har vore vand med.

Når det gjeld bruk av vatn i samband med rekreasjon og friluftsliv, er det først og fremst kysten vår vi tenker på. Ikkje utan grunn er uttrykk som Norges riviera brukt om denne kyststrekningen.

Klimatisk og landskapsmessig er kysten svært godt skikka for rekreasjon og friluftsliv, noko som fører til pressproblemer. Det gjeld dei fastbuande sin bruk av kysten, det gjeld

fritidshusvære for folk frå andre kantar av landet og det gjeld turistar med meir og mindre midlertidige opphald.

Til no må vi vel sei at vi ikkje heilt har klart å meistre denne utviklinga. Strandplanloven som vart sett i verk 1. januar 1972, er ikkje enno blitt den reiskap vi hadde håpa på. Det fører mellom anna med seg at ei stor mengd saker om dispensasjon frå strandplanlova må behandlast i fylkesutvalet. Dette er i lengda uholdbart og vi må finna ei anna løysing.

Vi har i fylket sett fram til Miljøverndepartementet sitt arbeid med «Skjærgårdsparken» som en del av arbeidet med planlegging av bruk av kysten vår. Det er å håpa at departementet gjev det arbeidet høg prioritet slik at vi om ikkje altfor lenge kan ha noko konkret å halda oss til.

Eit alvorleg problem for bruk av kysten vår til rekreasjon og friluftsføremål er den forsøppling som no år om anna ser ut til stadig å auka i omfang. Det viser seg at den største mengda av dette svineriet som vert liggende i strandsona, er importert søppel. Mykje taler for at det er den internasjonale skipsfarten i Skagerak som dumpar avfall slik at det driv inn til kysten vår. Vi får også tyngre olje inn til strendene våre i slike mengder at det er til ulempe for bading, fiske og friluftsliv. Det er liten grunn til å tru anna enn at skipsfarten også er skuld i denne forurensinga. Det er svært viktig for oss at desse sakene blir tatt opp sen-

tralt, og at ein finn fram til effektive løysingar slik at kysten vår kan fungere som eit rekreasjons- og friluftsområde av høg kvalitet.

Ei viktig brukarinteresse til vatna og vassdraga våre er dei kommunaltekniske anlegga for vassforsyning og kloakk. Som nemnt renn det mykje vatn gjennom fylket vårt og det fører med seg at vi eigentleg ikkje har noko knappheitsproblem. Det er mest spørsmål om samordning av interessene.

Når det gjeld vassforsyning, må det serleg framhevast den framsyntheit fleire av dei mest folkerike kommunane har vist ved å sikre og byggje ut store gode vasskjelder så som Grimevatn for Lillesand kommune og Rorevatn for Arendal/Grimstadregionen.

På kloakksektoren har det og vore arbeidt aktivt med å finne fram til løysingar, og alle kommunar har no meir og mindre ferdige rammeplaner. Serleg er det grunn til å peike på den samarbeidsvilje som kommunane i Arendalsområdet har lagt for dagen. Til tross for meningsskilnader ser det no ut til at ein har funne fram til ei løysing som alle kan akseptera, slik at anlegget kan bli gjennomført.

Til slutt skal nemnast eit problem i tilknytning til vassdraga våre som no ser ut til å bli alvorlegare enn noko anna. Det gjeld den sure nedbøren.

Lederen for forskningsprosjektet «Sur nedbørs virkning på skog og fisk», dr. Lars N. Overein, har nylig

fremlagt tall som viser at det på ei veke i januar i år (1974) fall 9 000 tonn svovel over 20 000 kvadratkilometer i Agder og Telemark. Dette er det største tal som nokon gong er registrert.

Vi observerar årleg surare vatn i vassdraga våre, og stadig fleire vatn vert fisketomme. Vi veit at den sure

nedbøren og er til skade for plantelivet og at han reduserer tilveksten i skogen. Dette er svært alvorleg for oss. Vi må be om at arbeidet med desse problema sentralt blir gitt høg prioritet. Det må framskaffast dokumentasjon som ikkje kan tilbakevisast, slik at ein kan ta dei nødvendige initiativ over landegrensene.